

Referat – informasjonsmøte om Universal Periodic Review – gjennomgang av Noreg i FNs menneskerettssråd. Måndag 2. mars, Utanriksdepartementet

Tilstades: Kristin Ryan (JD), Elin S. Kjærholt (SMR), Britt Strandlie Thoresen (BAHAI), Susanne Abelsen (Norsk Folkehjelp), Trygve Augestad (Norsk Folkehjelp), Anita Rathore (OMOD), Hege Orefellen (ICJ-Norge/MR-utv.LPP), Maria B. Aas (ICJ-Norge), Kristin Kjaeret (FIAN Norge), Ingvild Bartels (SMR), Camilla Kayed (Barneombudet), Thomas Wanjohi (INLO), Ana J. Lopez Taylor (INLO), Nora Sveaas (NPF), Niels Jacob Harbitz (Human Rights House Foundation), Caroline Aarsæther (Sivilombudsmannen), Ole B. Lilleås (NHC), Vanja B. Kleven (NHC), Christine F. Johannessen (Røde Kors Ungdom), Runde Arctander (LNN), Tine Mørch Smith (MR/DEM, UD), Idun Tvedt (MR/DEM, UD), Anne Merchant (MR/DEM, UD), Kjersti Nordskog Nes (MR/DEM, UD)

Møteleiar: avdelingsdirektør Tine Mørch Smith

1. Innleiing

Utenriksdepartementet innleidde møtet med å informere generelt om Universal Periodic Review (universell periodisk gjennomgang, UPR) og korleis denne prosessen foregår. I samband med opprettinga av FNs Menneskerettssråd vart det bestemt at alle medlemslanda i FN skal underleggast plikt til å la seg eksaminere om gjennomføringa av det einskilde landet si gjennomføring av menneskerettsforpliktingar. Som ein del av denne prosessen skal Noreg eksaminerast i desember 2009. Eksamineringsprosessen vil vere ein interaktiv dialog i Menneskerettssrådet og resulterer i ei rekke tilrådingar til landet som blir eksaminert. Som bakgrunn for eksamineringa må Noreg innan 1. september 2009 levere ein rapport som gjer greie for menneskerettssituasjonen i Noreg. Ein viktig del av arbeidet med Noregs rapport er koordinering og innspel frå sivilt samfunn, nasjonale institusjonar, Sametinget og relevante ombod. Føremålet med møtet er å setje i gang ein dialog for å kunne få ein best mogleg konsulterande prosess, samt å invitere sivilt samfunn til en dialog om aktuelle menneskerettighetsutfordringer Norge står overfor. Det vil bli lagt opp til fleire møte.

2. Korleis kan sivilt samfunn delta?

Eitt av krava til UPR-prosessen er at statane samarbeider med sivilt samfunn. I tillegg til at sivilt samfunn skal involveres under utarbeidelsen av Norges rapport har de også mulighet til å komme med en separat rapport med informasjon og anbefalinger. Innspillene fra sivilt samfunn sammenfattes av Høykommissæren for menneskerettigheter og vil bli offentliggjort på deres hjemmesider i god tid før eksamineringen av Norge. Fristen for innlevering av tilleggsrapporter fra sivilt samfunn er 20. april 2009.

Under sesjonen i september vil det vere ein interaktiv dialog, og i denne dialogen vil sivilt samfunn ikkje ha taletid, men det er høve til å påverke gjennom å lobbe for at andre statar skal stille Noreg spørsmål m.v. Vidare har det sivile samfunnet taletid når den endelege rapporten skal vedtakast i neste sesjon. Det sivile samfunnet har også

mulighet for å påvirke når det gjelder oppfølging av ilrådingane som Noreg godtar. Helsingforskomiteen stilte spørsmål vedrørende akkrediteringsreglar under sesjonane. Dette skal MR/DEM-seksjonen sjekke opp. Helsingforskomiteen stilte også spørsmål om kva slags oppfylgingsprosess ein skal ha. Utenriksdepartementet informerte om at dette må vurderast etterkvart, men at ei mogleg løysing er statusrapportar undervegs, f.eks hvert andre år.

3. Rapport frå Geneve ved Elin Saga Kjærholt, SMR

Saga Kjærholt påpeika at det har vore eindel kritikk rundt MR-rådet, men at det fungerer betre i praksis. Ho understreka at det er reell mogleghet for å påverke prosessen gjennom NGO-rapporten, samt gjennom kontakt med andre statar.

4. Aktuelle menneskerettsutfordringar for Noreg, og moglege løysingar – innspel frå sivilt samfunn

Det vart opna for innspel på kva som er dei mest aktuelle utfordringane. Fylgjande foreløpige innspel kom frå representantane for det sivile samfunnet:

- Asylpolitikk
 - Retten til å søkje asyl
 - Bu- og omsorgssituasjonen for mindreårige einslege asylsøkjarar
- Tvangsekteskap
- Morsmålsundervisning
- Kvinnerettar
- Manglande inkorporeringar og ratifikasjonar frå Noregs side
- Manglande nasjonal plan for menneskerettar
- Innanriks MR-eining
- Opplæring av fagfolk m.o.t behandling av torturskader. Istanbul-protokollen må takast i bruk.
- Situasjonen for illegale innvandrarar
- Tvang i psykiatrien
- Ikkje-returnerbare flyktningar
- Ny ØSK-protokoll må ratifiserast
- Religionsfridom. Statskyrkja
- MUF-sakene
- Kritikk frå ECRI vedrørende rasistiske undertonar i den norske debatten
- Varetekts
- Barnekonvensjonen, implementering
- Arbeidet i samband med antiterror-lovgjevinga
- Urfolksrettar

Ein oppmoda avslutningsvis NGO'ane om å lage tydeleg og konkrete tilrådingar som ein kan målast på.

